



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
008/15	Formannskapet	29.01.2015
006/15	Kommunestyret	12.02.2015

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
14/638 - 15/259	K1 - 024	Jan Olav Åsarmoen Møller 57 63 29 73	15.01.2015

Kommunestruktur - overordna organisering fram mot endeleg vedtak

Rådmannen si tilråding:

Aurland kommune organiserar prosessen fram mot endeleg vedtak om ny kommunestruktur slik:

Mål:

- Målsetnad om å ta avgjerd på best mogleg avgjerdsgrunnlag med mest effektiv ressursbruk tilpassa kva fase me er inne i
- Målsetnad om å ta avgjerd i samsvar med statlege forventningar, ekspertutvalet sine tilrådingar og lokale behov
- Målsetnad om å ha medverknad heile vegen i prosessen

Arbeidet vert organisert i fleire fasar:

Sonderingsfasen, utgreiingsfasen, debattfasen, gjennomføringsfasen og driftsfasen. Kommunestyret tek avgjerd etter kvar fase og gjev oppdrag for neste fase.

Arbeidet vert organisert som eit prosjekt. Kommunestyret er prosjekteigar, formannskapet er styringsgruppe, ordførar er prosjektansvarleg og rådmannen er prosjektleiar.

Det kan nyttast ekstern bistand der det er naudsynt.

29.01.2015 Formannskapet

FS-008/15 Vedtak:

Aurland kommune organiserar prosessen fram mot endeleg vedtak om ny kommunestruktur slik:

Mål:

- Målsetnad om å ta avgjerd på best mogleg avgjerdsgrunnlag med mest effektiv ressursbruk tilpassa kva fase me er inne i
- Målsetnad om å ta avgjerd i samsvar med statlege forventningar, ekspertutvalet sine tilrådingar og lokale behov
- Målsetnad om å ha medverknad heile vegen i prosessen

Arbeidet vert organisert i fleire fasar:

Sonderingsfasen, utgreiingsfasen, debattfasen, gjennomføringsfasen og driftsfasen. Kommunestyret tek avgjerd etter kvar fase og gjev oppdrag for neste fase.

Arbeidet vert organisert som eit prosjekt. Kommunestyret er prosjekteigar, formannskapet er styringsgruppe, ordførar er prosjektansvarleg og rådmannen er prosjektleiar.

Det kan nyttast ekstern bistand der det er naudsynt.

Samrøystes

12.02.2015 Kommunestyret

Framlegget frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS-006/15 Vedtak:

Vedtak:

Aurland kommune organiserar prosessen fram mot endeleg vedtak om ny kommunestruktur slik:

Mål:

- Målsetnad om å ta avgjerd på best mogleg avgjerdsgrunnlag med mest effektiv ressursbruk tilpassa kva fase me er inne i
- Målsetnad om å ta avgjerd i samsvar med statlege forventningar, ekspertutvalet sine tilrådingar og lokale behov

- Målsetnad om å ha medverknad heile vegen i prosessen

Arbeidet vert organisert i fleire fasar:

Sonderingsfasen, utgreiingsfasen, debattfasen, gjennomføringsfasen og driftsfasen. Kommunestyret tek avgjerd etter kvar fase og gjev oppdrag for neste fase.

Arbeidet vert organisert som eit prosjekt. Kommunestyret er prosjekteigar, formannskapet er styringsgruppe, ordførar er prosjektansvarleg og rådmannen er prosjektleiar.

Det kan nyttast ekstern bistand der det er naudsynt.

Samrøystes

Saksopplysningar

Formannskapet gjorde i møte 30.10.2014, sak 068/14, fylgjande vedtak:

1. Aurland kommune er positiv til deltaking i ei felles utgreiing i regi av Sogn regionråd om gjennomføring og verknadane av ei kommunereform i indre Sogn. Dersom regionrådet ikkje semjast om å gjennomføre slik utgreiing, er kommunen positiv til eit utgreiing om kommunereforma i lag med andre kommunar. Kven dette kan vera må avklarast gjennom politiske initiativ og prosessar. Dersom andre kommunar i Sogn ønskjer å ta del i ei slik utgreiing er kommunen positiv til dette.
2. Aurland kommune er positiv til deltaking i utgreiingsarbeidet om kommunestruktur saman med Voss kommune.

Sogn Regionråd har i møte 5 desember vedteke å gjennomføre ei felles utgreiing for kommunane i Sogn.

Voss, Vik, Aurland, Vaksdal, Ulvik og Granvin kommunar har hatt møte 9 desember. Voss kommune tek initiativ til å gjennomføre ei utgreiing.

Kommunestyre i Årdal kommune har i møte 23.10.2014 gjort vedtak om å greie ut ei mogeleg samanslåing mellom kommuane Årdal, Lærdal og Aurland og det er ynskje om eit møte mellom dei tre kommunane. Møte er ikkje gjennomført enno.

Aurland kommunestyre har og vedteke å greia ut alternativet med å halde fram som no.

Regjeringa sine mål for ny kommunereform er:

- Gode og likverdige tenester
- Heilskapeleg og samordna samfunnsutvikling
- Berekraftig og økonomisk robuste kommunar
- Styrkje lokaldemokratiet og gje større kommunar fleire oppgåver.

Det er frå regjeringa si side lagt opp til ein brei og grundig prosess rundt kommunereforma både i Stortinget og i kommunane. Fylkesmannen har ansvar for å leie og setje i gong dei regionale prosessane, saman med KS regionalt.

Dei økonomiske virkemidla blir gjeldande for kommunar som slår seg saman i reformperioden. Dette inneber samanslåingar der det er fatta nasjonale vedtak innan 01.01.2018. Eingongskostnader: kommunar som slår seg saman får dekkja eingongskostnader etter ein standardisert modell. Beløpet vert utbetalt når nasjonale vedtak om samanslåing er gjort.

Tal kommunar og innbyggjarar i samanslåinga	0 – 19 999 Innbyggjarar	20 – 49 999 Innbyggjarar	50 – 99 999 Innbyggjarar	Over 100 000 innbyggjarar
2 kommunar	20 000 000	25 000 000	30 000 000	35 000 000
3 kommunar	30 000 000	35 000 000	40 000 000	45 000 000
4 kommunar	40 000 000	45 000 000	50 000 000	55 000 000
5 eller fleire kommunar	50 000 000	55 000 000	60 000 000	65 000 000

Reformstøtte: Det blir gjeve reformstøtte til samanslegne kommunar med vedtak i reformperioden. Det minste beløpet er fem mill kr pr samanslåing. Stønaden er differensiert etter innbyggjartal. Utbetalinga blir gjort utan ytterlegare søknad frå kommunane, og utbetalast på tidspunkt for samanslåing.

0 – 14 999 innbyggjarar gjev fem mill i reformstøtte.
 15 000 – 29 999 innbyggjarar gjev 20 mill i reformstøtte.
 30 000 – 49 999 innbyggjarar gjev 25 mill i reformstøtte.
 Over 50 000 innbyggjarar gjev 30 mill i reformstøtte.

Dagens ordning med inndelingstilskotet vert vidareført. Den nye samanslegne kommunen får behalde tilskot som om det framleis var ein kommune i 15 år etter samanslåinga, før inndelingstilskotet vert trappa ned over 5 år. Etter reformperioden vil ordninga bli stramma inn. Omfang og innretning på ordninga, under denne perioden for inndelingstilskotet, vil bli vurdert.

Regjeringa legg opp til ein heilskapleg gjennomgang av inntekstsystemet for kommunane i løpet av perioden. Gjennomgang av inntekstssystemet vil sjåast i samanheng med kommunereforma.

Mål og føringar for prosessen:

Det er oppretta ein eigen nettstad <<nykommune>> som samlar tilgjengeleg materiale for bistand til prosessane. Mellom anna er det utarbeidd ein rettleiar <<Veien mot en ny kommune>>. I tillegg er relevant forskning gjort tilgjengeleg. Også KS vil utarbeide ulike former for hjelp og bistand.

Kommunereforma er ein velferdsreform og handlar om betre velferdstenester der folk bur no, både i notid og i framtida.

Reforma handlar og om betre organsiering i område der innbyggjarar og næringsliv dagleg kryssar kommunegrenser, og der større kommunar vil kunne gje ein meir heilskapleg og god planlegging for innbyggjarane.

Kriteriar som kommunane skal vurdere er:

1. Tilstrekkeleg kapasitet
2. Relevant kompetanse
3. Tilstrekkeleg distanse
4. Effektiv tenesteproduksjon
5. Økonomisk soliditet
6. Valfridom
7. Funksjonelle samfunnsutviklingsområde
8. Høg politisk deltaking
9. Lokal politisk styring
10. Lokal identitet

Vurdering

Aurland kommune står ovanfor store og krevjande spørsmål som skal greiast ut. Prosessen skal vare i tid, det er mange aktørar som er involvert og samstundes er det ofte i stor grad spørsmål om identitet og kjensler som har betydning. Nokre spørsmål er utprega faglege, nokre utprega politiske og nokre er begge delar. Rett avgjerdsgrunnlag til rett tid kan difor vera vanskeleg å finna. Det kan vere krevjande å finne rette forma for medverknad og kommunikasjon.

Det blir viktig å få innbyggjarane til å vera med å medverke på kva utgreiingstema/problemstillingar som er viktig for dei å belyse og ikkje berre kva kommunar ein vil slå seg saman med.

Telemarksforskning har utarbeidd ein rapport som omhandlar korleis ein skal gjennomføre ein kommunesamanslåing, jf TF-notat nr 35/2014. Rapporten legg opp til at arbeidet vert organisert i fleire fasar.

1. Sonderingsfasen(klargjera kva slags samanslåingsalternativ ein ynskjer å greie ut i utgreiingsfasen).
2. Utgreiingsfasen(hovudoppgåva å greie ut ein rekkje tema for å gje tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag for å kunne vurdere eller fleire samanslåingsalternativ. Det gjeld tema som økonomi, tenesteproduksjon, utøving av mynde/forvaltning, samfunnsutvikling, demokrati). I denne fasen lyt det utarbeidast ein intensjonsplan og mål og visjon for den nye kommunen.
3. Debattfasen(innbyggjarane bør høyrast før endeleg vedtak blir fatta)
4. Gjennomføringsfasen(Ein planleggingsdel og ein implementeringsdel)
5. Driftsfasen(ordinær drift etter samanslåingstidspunktet)

Rådmannen tilrår at kommunestyret tek avgjerd etter kvar fase og gir oppdrag for neste fase. På den måten er det gjort tydeleg kva som skal avgjerast og kor me er i prosessen.

Prosjektorganisering gjev ein oversikteleg arbeidsform og rollefordeling i prosessen. Etter formell struktur vert då kommunestyret prosjekteigar.

Formannskapet vert styringsgruppe. Ordførar er prosjektansvarleg og representerar kommunen i styringsgrupper der andre kommunar er med. Ordførar handterar i tillegg media. Rådmann er prosjektleiar og har det administrative ansvaret og deltek i prosjektgrupper regionalt. Rådmannen er i tillegg kontaktperson for reformarbeidet.

Det bør nyttast ekstern bistand der det er naudsynt. Spørsmåla som skal utgreiast er kompliserte, for juss og økonomi. Det kan i tillegg vera komplekse spørsmål i høve gjennomføringsfasen. Vedtak om overordna organsiering av arbeidet og vedtak av prosjektplan for fase 1, vil vera grunnlag for søknad om støtte til reformarbeid som skal sendast til fylkesmannen.

Rådmannen tilrår at det vert gjennomført tre grendamøter, på Aurlandsvangen, i Flåm og i Gudvangen. På grendamøtene vil det bli gjennomført verkstadar der innbyggjarane får høve til å kome med innspel på utgreiingstema, prioriterte område etc. Resultata frå desse vil bli ein del av saksgrunnlaget før kommunestyret tek avgjerd.

Eit viktig tema som formannskapet bør drøfte på møte 29.01.2015 er val av metode for medverknad og om det skal gjennomførast rådgjevande folkerøysting i kommunen før kommunestyret tek endeleg avgjerd. Rådmannen tilrår at formannskapet tek stilling til dette konkret i sitt vedtak som går vidare til kommunestyret. Dette vil og kome fram av oppdatert prosjektplan etter vedtak.

Det vert jobba med ei eiga side for kommunereforma på nettsida til kommunen. Sentralt på sida vil vere relevante dokument, nykommune portalen, kommunale vedtak og grunnlagsdokument.

Proessen legg opp det at det for kvar fase vert utarbeidd ein prosjektplan og prosjektrapport som blir vedteke av kommunestyret. Prosjektplan treng ikkje vera meir omfattande enn naudsynt, men kort omtale mål for den aktuelle fasen, enkel interesseanalyse, aktivitetsplan, føresegn om organisering av arbeidet, risikovurdering, plan for medverknad og kommuniasjon og milepælsplan. Det er rom for tilpassingar undervegs.

Prosjektrapporten skal rapportere på prosjektplanen, samt gje tilråding for vidare arbeid. Denne treng heller ikkje vera meir omfattande enn naudsynt.

Rådmannen meiner prosessen vil vera forutsigbar som sikrar medverknad og eigarskap hjå kommunestyret undervegs gjennom heile prosessen.

Alternativa som skal utgreiast må vera på grunnlag av kva kommunestyret ynskjer å oppnå ved å etablere ein større kommune. Er det betre tenestetilbod? Sterkare fagmiljø? Meir attraktiv kommune som tiltrekkjer seg fleire arbeidsplassar? Betre infrastruktur i regionen? Meir slagkraft regionalt og nasjonalt? Andre viktige utgreiingstema som kan vera viktige er kraftinntekter, utmarksressursar, forvaltninga av fjellområda våre og reiseliv. Med bakgrunn i ovannemnde tilrår rådmannen at kommunestyret sluttar seg til framlegg om overordna organisering fram mot endeleg vedtak. Sak om prosjektplan for fase 1 kjem opp som eiga sak i same møte.

